

Heidi (54) har dratt i gang lokallag av Besteforeldrenes Klimaaksjon:

# – Eg føler eg har plikt til å engasjera meg

**Heidi Helgadottir Leite har tatt initiativ til å danne Besteforeldrenes Klimaaksjon i Sør-Rogaland.**

MERETE HORPESTAD  
merete.horpestad@dalane-tidende.no

– Eg har alltid vore klimaengasjert, seier Heidi Helgadottir Leite, som flytta frå Stavanger til Egersund i juni. Ho driv bruktbutikken Rols i Storgaten.

Då ho skulle bli farmor til lille Alva, som nå har blitt halvtanna år gammal, fekk ho eit medlemskap i Besteforeldrenes Klimaaksjon i gåve frå sonen og ein raud hatt på hovudet. Ho tok hatten med seg til Oslo for å vera med på klimabrølet. Der kom ho i snakk med Steinar Winther Christensen, som er leiar for landstyre.

Sidan har ho arbeidd med å stabla eit lokallag på føtene. Egentleg skulle lokallaget vore danna i mai, men då blei stiftingsmøtet avlyst på grunn av korona. Nå blir det eit digitalt stiftingsmøte i plassen. Møtet skal vera torsdag. Heidi Leite blir styremedlem, mens Silvia Kriz, som bur på Nærbø, blir leiar.

## Har klimaangst

Leite har stor sans for organisasjonen ho er blitt med i.

– Me er ein politisk nøytral organisasjon som opptre på ein hyggeleg og uprovoiserande måte. Me skremmer ikkje folk, men motiverer folk til å ta omsorg for kloden og kvarandre.

Ho seier følgjande om sitt eige miljøengasjement:



**MILJØENGASJERT:** Heidi Helgadottir Leite har klimaangst og kjenner seg forplikta til å engasjera seg.

FOTO: INGUNN WALDERHAUG

– Eg har vel det dei kallar klimaangst.

Ho synest det er skremmande med dei store Co2-utsleppa, og ho er uroleg for alle artane som blir utrydda.

– Eg trur ikkje me får redda naturen viss me ikkje sluttar med privatbilisme, trailertransport og anna som fører til Co2-utslepp. Eg føler eg har plikt til å engasjera meg.

**Me er ein politisk nøytral organisasjon som opptre på ein hyggeleg og uprovoiserande måte. Me skremmer ikkje folk, men motiverer folk til å ta omsorg for kloden og kvarandre.**

HEIDI HELGADOTTIR

## Tar toget

Miljøengasjementet hennar gir seg utslag i måten ho lever på. Heidi Helgadottir Leite gir seg sjølv lov til å ta fly bare ein gong i året. Ho har ein liten el-varebil som ho bruker på jobb, men elles tar ho toget når ho skal ut på noko. Ho har vore vegetarianar i 37 år, kjøper brukt når ho kan, styrer unna varer med mykje emballasje, tar korte dusjar og har ikkje på meir varme enn nødvendig.

Nå jobbar ho for fullt med å verva nye medlemmer til Besteforeldrenes Klimaaksjon. Ho håper at organisasjonen skal koma opp i over 5.000 medlemmer på landsbasis, slik at dei kan få statsstøtte til arbeidet sitt.

**TO UNGE KVINNER BLE TATT PÅ JERNBANESTASJONEN MED DET POLITIET MENER ER FARLIGE TABLETTER:**

## – Skulle etter alt å dømme selges i Egersund

**Politiet i Sør-Vest gikk tirsdag ut og advarte mot en type piller som nå også er i omløp i Rogaland. Onsdag kveld i forrige uke ble to unge kvinner tatt med en større mengde av disse tablettene på jernbanestasjonen i Egersund.**

INGVE AALBU  
ingve.aalbu@dalane-tidende.no

Det opplyser politibetjent Bjørnar Stapnes ved Eigersund politistasjon. Kvinnene er henholdsvis 19 og 23 år gamle og bosatt i Stavanger. De hadde

tatt toget fra Nord-Jæren til Egersund.

– Pillene vi tok beslag i, var helt like de som er avbildet i advarselen som ble sendt ut fra politiet tirsdag. Med tanke på størrelsen på beslaget er det all grunn til å tro at kvinnene var i Egersund for å selge tablettene, påpeker Stapnes.

Politiet i Troms mistenker at pillene kan kobles til flere dødsfall. Det er den siste tida gjort flere beslag også i Rogaland. Pillene er trolig uoriginale varianter av typen Ksalol, ifølge politiet, og det fryktes at de kan inneholde stoffet fentanyl. Po-

litiet advarer sterkt mot å bruke tablettene.

– Pillene selges billig, og vi frykter spesielt at ungdom kjøper disse uten å tenke godt nok over mulige konsekvenser, uttalte avsnittsleder Espen Hegre i en pressemelding tirsdag.

Politiet har også kommet med en generell advarsel:

– Det man kjøper på gata eller via sosiale medier, vet man strengt tatt ikke innholdet i. Dermed løper man en risiko enten man kjøper legemidler eller mer tradisjonelle rusmidler.



**ADVARER:** Tabletter av samme type som skal ha forårsaket dødsfall i Nord-Norge, ble i forrige uke beslaglagt i Egersund, advarer politibetjent Bjørnar Stapnes (innfelt) ved Eigersund politistasjon.